



ABO Plan & Arkitektur

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

## Northern Lights - etablering av røyrleidning i sjø krev ikkje løyve etter forureiningslova

Vi viser til brev frå ABO Plan & Arkitektur, på vegne av Equinor, datert 19. november 2021 og Statsforvaltarens brev datert 13. oktober 2021 om at arbeida med etablering av landfallstunnel ikkje krev eige løyve etter forureiningslova.

### Saka gjeld

I samband med etablering av Northern Lights (NL) CO<sub>2</sub>-lagringsanlegg skal det etablerast ein røyrleidning frå mottaks- og lagringsanlegget på Kollsnes i Øygarden kommune, ut Hjeltefjorden og ut til injeksjonsbrønn i Johansen-formasjonen i Nordsjøen. Trase for røyrleidningen er sikra i detaljreguleringsplan<sup>1</sup> i Øygarden og Fedje kommunar. Traseen og anleggsarbeidet skal også godkjennast etter havne- og farvannslova av Kystverket.

I brevet 19. november 2021 vurderer ABO Plan & Arkitektur at anleggsarbeida med å leggje gassrøyrleidningen på sjøbotn ikkje fell inn under forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping og dermed ikkje krev eiga løyve etter forureiningslovverket.

### Statsforvaltarens vurdering

Vi er einig i at ABO Plan & Arkitektur si vurdering at etablering av støttefyllingar og tildekking for røyrleidningen ved bruk av pukkk ikkje fell inn under definisjonen på mudring og dumping gjeve i forureiningsforskrifta § 22 – 2 og dermed ikkje krev eige løyve etter forskrifta.

Basert på oversendte opplysningar om tiltaket vurderer Statsforvalteren at verknadene av tiltaket ikkje vil overskride det som vil kunne karakteriserast som "vanlig forureining frå mellombels anleggsverksemd". Vi vurderer derfor at arbeida heller ikkje treng løyve med særskilte vilkår for utføring, jf. forureiningsloven § 8 første ledd punkt 3.

---

<sup>1</sup> Detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO<sub>2</sub> – plan-ID 20180001



Vi vil likevel minne om at tiltakshavar har et sjølvstendig ansvar for at det ikkje oppstår forureining i strid med § 7 i forureiningslova, og at avfall vert handtert i samsvar med lov og forskrift.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Magne Nesse  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Øygarden kommune Ternholmvegen 2 5337 RONG  
Equinor  
Kystverket